

## Veldig vellukka vennskapsfrukost!

22.10.2016



Mor og dotter viser fram særdeles velsmakande afghanske matrettar.

Etter at festsalen i Kulturhuset Husnes var fylt til randa med både folk, hjartevarme og suksess på festen fredag kveld, vart det invitert til stor vennskapsfrukost laurdag. Det vart eit nytt blinkskot. Då dørene opna kl.11 strøymde folk til, og arrangementet vart verkeleg ein vennskapsfrukost på tvers av nasjonalitetar.



Frå Stord, Rosendal, Husnes, Syria, Afghanistan og Uskedalen. Alderen var frå 5 veker og oppover. Saman hadde dei det svært triveleg rundt frukostbordet!

Frukostbordet som møtte oss var av ein dimensjon som vi som var der, aldri hadde opplevd før. I tillegg til det som er vanleg i den klassiske norske frukosten var det eit spennande innslag av rettar frå andre deler av verda. Både varme og kalde rettar. Og det SMAKTE verkeleg. Det var mykje NAMing rundt borda! For andre gong vart vi servert eit fantastisk og spennande måltid i festsalen denne helga.

Litt artig var det å studera køen då buffèet opna. Den var absolutt størst på den internasjonale delen. På den norske delen var det atskillig betre plass. Der var nokre av våre nye landsmenn ispedd med nokre eldre karar som ville halda seg til det faste og trygge med brunosten, skinka og syltetøyet.

Det var Tine melk og Røde Kors som stod bak dette tiltaket i tilknytning til innsamlingsaksjonen. Svært vellukka! Med god mat følgjer også god drøs, og det føregjekk mest på norsk, litt på engelsk og litt andre ting vart tekne i bruk. Alle klarte å forstå kvarandre!

Litt musikk vart det også ved slutten av bordseta. Abdulai Kordo på trommer og Egil Vaage på hardingfele bidrog med folkemusikk.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland